



Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Dykkar ref.

Vår ref.
20/05076-7

Saksbehandlar
Stine Karen Kjellås

Dato
28.10.2020

Møtereferat


Deltakarar:	Bjørn Kverneland, Aina Elise Larsen Grude, Lillian Skarding, Jonathan Marianayagam, Sikke Rettedal Hognestad, Stine K. Kjellås				
Forfall:	Jette Bjorland, Kjetil Egeland, elevrådsrepresentant				
Referent:	Stine K. Kjellås				
Gjeld:	Driftsstyre				
Møtedato:	28.10.2020	Møtetid:	18-19.30	Møtestad:	Orre skule, Meir Læring

Vår ref.
Doknr

Dato
Dokdato

Forventningsdokument. Dette har vore oppe på alle foreldremøta i haust. Rektor har fått innspel frå alle klassane. Lærarane skal arbeide vidare med dette på nyåret. Dette tas i samband med prosess kring kva og kven Orre skule skal vere når skulen blir ein rein barneskule. Innspela frå foreldre og lærarane tas med tilbake til Driftsstyret for endeleg behandling der.

Nybygg/rehabilitering. Etter sist møte i driftsstyret har skulen hatt møte med biblioteket i Klepp. Det kan bli aktuelt med ein filial for utlån av bøker på Orre skule. Denne vil vere open på kveldstid, og tilgjengeleg for heile bygda. Rektor er positiv til dette, og la fram for driftsstyret



Med blick for alle

kva dette kan kome til å bety for bygda når skulen blir ein barneskule. Bygda vil miste sitt naturlege samlingspunkt for ein større del av bygda når ungdomsskulen blir lagd ned. Ved å få bibliotek på Orre kan skulen framleis vere eit naturleg samlingspunkt for bygda, også for dei som ikkje har barn i skulen. Dette vil få konsekvensar for planane med nybygg/rehabilitering, all den tid det har vore eit forslag at kjeller-rommet på skulen kan bli nytta som kantine. Rektor ynskjer at ein heller skal sjå på moglegheiter for å ha kantine i den delen av skulen som skal rehabiliterast/byggjast ny. Driftsstyret støtter rektor i dette.

Økonomi. Rektor la fram planar for innkjøp hausten 2020. Driftsstyret støtter rektor i planane.

Skulemiljø. Rektor foreslår at neste møte i driftsstyret er eit SMU-møte. Dette blir tysdag 8.desember. Tema for møtet er §9A, aktivitetsplanar og elevundersøkinga. Driftsstyret godkjenn dette.

Skulerute 2021/2022. Rektor la fram forslag til skulerute neste år. Den er ikkje vedteken, men driftsstyret tar dette til etterretning.

Årshjul. Møta i driftsstyret framover blir slik:

Tysdag 8.desember 18-19.30

Tysdag 2.februar 18-19.30

Tysdag 27.april 18-19.30

Tysdag 15.juni 18-19.30

Alle møta blir på Meir Læring på Orre skule. Forfall meldes rektor. Rektor minnar om at ein ikkje kan stille på møtet viss ein har symptom på luftvegsinfeksjon så lenge det er pandemi i Noreg.

Stine Karen Kjellås

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur

Mottakarakar:

Aina Elise Larsen Grude

Jonathan Emil Marianayagam

Bjørn Kverneland
Jette Margith Evaliina Bjorlandhsalte
Kjetil Egeland
Lillian Skarding
Sikke Rettedal Hognestad

Kopi til:
Kommunalsjef SB, Jan Harald Forsmo